

TIL
ORIENTERING

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
1. 12. 2015	
Ark. saksnr. 14/3806	Løpnr.
Saknr.	Tilgangskode

NGIR

INNKALLING TIL STYREMØTE I NGIR

Det vert telefonstyremøte i NGIR onsdag 03.02.16, kl. 09.00.

Sakliste:

- Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste
 Sak 02/16 Meldingar
 Diverse munnleg orientering
 Sak 03/16 Kompostering av slam
 Moglege andre saker.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei snarast mogleg gje melding til administrasjonen, slik at me kan kalla inn varamedlem.

Kjevikdalen, 28.01.16

Helge Fjellanger
styreleiar

Erlend Kleiveland
Erlend Kleiveland
dagleg leiar



STYREMØTE

Møtedato: 03.02.2016

Sak nr: 03/16

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Kompostering av slam

I samband med innhenting av anbod på transport/innsamling av slam frå 01.01.2016, vart det også bede om opsjonsprisar på kompostering av slam. Johnny Birkeland Transport AS fekk kontrakten med innsamling av slam. Tilbodet NGIR fekk på kompostering ville medføra ein årleg kostnad for NGIR på mellom 2,3 og 2,5 millionar kroner (varierende årskostnad grunna varierende slammengder frå år til år).

Dersom NGIR skulle halda fram med slamkomposteringa innanfor gjeldande regelverk, måtte dette skje på fast dekke under tak. Utrekningane som vart gjort hausten 2015 viste at det ville verta monaleg rimelegare for kundane at NGIR komposterte sjølv (me rekna dette til ein årleg kostnad på mellom 1,5 og 1,8 millionar kroner). Det vart difor i styresak 13/15 og representantskapssak 12/15 gjort vedtak om å investera i betongplate, hall, rankevendar og trommelsikt (til totalt 10,8 millionar kroner).

NGIR fekk 06.01.06 brev frå Johnny Birkeland Transport AS der det vart sett fram reknestykke som viste ein redusert opsjonspris til NGIR (om lag 1,5 millionar kroner årleg). På bakgrunn av dette inviterte dagleg leiar representantar for Johnny Birkeland Transport AS til møte i Kjevikdalen 21.01.16. På møtet vart det drøfta kostnader og vilkår, og ein kom fram til at begge selskap har interesse av å inngå om lag følgjande avtale:

For 1,2 millionar kroner årleg komposterer Johnny Birkeland Transport AS alt slam som vert samla inn i NGIR-kommunane. I tillegg får NGIR kostnadsfri avhenting (i Kjevikdalen) av alt reint, oppflist trevyrke (hageavfall og trevyrke som ikkje er malt/impregnert). NGIR får og full datautveksling av kundedata/tømedata med vårt administrasjonssystem (KOMTEK) frå Johnny Birkeland Transport AS.

Ved å avslutta eigen kompostering av slam vil NGIR få frigjeve areal, og det vil då m.a. verta lettare å driva steinbrotet framover. Mengda næringsstoff (frå avrenning) som NGIR må ta hand om vil gå monaleg ned, noko som truleg vil redusera reinsekostnadene (i det planlagde reinseanlegget). Nedlegging av eigen kompostering vil og frigjera personellressursar på 0,4-0,5 årsverk, som må omdisponerast.

Kostnadsfri avhenting av alt reint, oppflist trevyrke er gunstigare enn dei avtalar NGIR har i dag. Det er og positivt at trevyrket kan nyttast lokalt, i staden for å verta transportert til Sverige.

Full datautveksling vil gje NGIR langt betre oversikt over kundane sine slamtankar, tømingar og avvik, og NGIR vil få alle data inn i administrasjonssystemet etter kvart som tømingar vert utført. Dette vil vera ei stor føremon dersom NGIR i framtida skal overta fakturering av slamtøming frå kommunane (NGIR fakturerer i dag slamtøming for Solund). I tillegg vil

samkøyring av slamtømedata med renovasjonsregisteret kunna nyttast til å avdekka hyttekundar som nyttar hytta til heilårsbustad, kundar som oppgjev at bustaden er ubebueleg men likevel bur der, m.v.

Dagleg leiar har hatt møte med tillitsvalt og avdelingsleiar, og har orientert dei tilsette om situasjonen. Det har ikkje kome negative tilbakemeldingar på at dagleg leiar vil be styret gje løyve til å inngå avtale med Johny Birkeland Transport AS om kompostering av slam i den perioden transportkontrakten med Johny Birkeland Transport AS gjeld (2016-2021).

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

NGIR inngår avtale med Johny Birkeland Transport AS om kompostering av slam frå NGIR-kommunane. Avtalen gjeld så lenge dagens kontrakt på innsamling av slam gjeld. Investeringar som var tiltenkt oppgradering av slamkomposteringa i Kjevikkaldalen fell som følge av dette bort.